

**DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT**

Nærings- og handelsdepartementet  
Postboks 8014 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.  
12/4156

Vår ref.  
12/7339 - EME

Dato  
29.1.2013

### **Høyring – endringar i lov om Innovasjon Norge**

Vi viser til brev frå Nærings- og handelsdepartementet 30.10.2012 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Det er ikkje sagt noko i høyringsnotatet eller i lovutkastet om kva som ligg i at Innovasjon Norge ut frå lovutkastet § 27 tredje ledd nr. 2 skal kunne «ivareta selskapets kreditorinteresser», eller kva slags bruk av opplysningar som elles er omfatta av teieplikt, som kan vere aktuelt i samband med dette. Det bør gå fram av den komande proposisjonen kva slags opplysningar NHD her tenkjer på, kva slags situasjonar dette typisk vil omfatte, og korleis det kan vere aktuelt å bruke desse opplysningane. I tillegg bør det vurderast om dette kan kome klarare til uttrykk i lovteksten.

Dersom opplysningar er omfatta av teieplikt, medfører dette som det klare utgangspunktet eit forbod mot å gje opplysningane vidare til andre. Dei omstenda som kan medføre at det likevel ikkje skal gjelde teieplikt, bør difor kome presist til uttrykk, og det bør i størst mogleg grad avklarast kva slags interesser som skal vernast gjennom slike ordningar. Spørsmål om teieplikt bør ikkje avhenge av generelle interesseavvegingar. Det bør difor vurderast om det kan seiast noko meir i lovteksten om kva som er meint med at Innovasjon Norge, ut frå lovutkastet § 27 tredje ledd nr. 2, skal kunne bruke opplysningar som er omfatta av teieplikt, for å vareta «andre tungtveiende interesser». Dei interessene NHD har nemnt i høyringsnotatet har mykje til felles med dei tilfella som etter forvaltningslova § 13 b fyrste ledd nr. 5 og 6, i visse

---

Postadresse  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

Kontoradresse  
Gullhaug Torg 4a  
0484 Oslo

Telefon - sentralbord  
22 24 90 90  
Org.nr.: 972 417 831

Plan- og  
administrasjonsavdelinga  
Telefaks  
22 24 95 34

Sakshandsamar  
Elin M Elverhøy  
22 24 55 29  
elin.elverhoy@jd.dep.no


tilfelle opnar for å bruke opplysningar utan hinder av teieplikt. Det kan difor vere grunn til å vurdere om ei ny føresegn i lov om Innovasjon Norge bør utformast på nokolunde tilsvarande måte.

Lov om Innovasjon Norge har i § 1 andre ledd ei føresegn om at Kongen kan fastsetje at loven heilt eller delvis skal gjelde for Svalbard. Det er ikkje gitt nokon forskrift om dette, noko som er nødvendig for at loven skal gjelde for Svalbard. NHD har på e-post bekrefta at Svalbard er ein del av virkeområdet til Innovasjon Norge, noko som tilseier at loven truleg burde vore gjort gjeldande for Svalbard. Vi ber om at NHD tek kontakt med polaravdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet om dette.

I nokre tilfelle kan det vere behov for å gje særlege reglar for Svalbard av omsyn til at forholda der skil seg noko frå fastlandet. Vi føreslår difor at det i proposisjonen blir teke inn eit tillegg i § 1 andre ledd, slik at § 1 andre ledd blir lydande som følgjer: «*Kongen kan bestemme at loven helt eller delvis skal gjelde for Svalbard, og kan fastsette særlege regler av hensyn til stedlige forhold.*»

Med helsing

  
Harald Aass  
fagdirektør

  
Elin M Elverhøy  
rådgjevar